



Knut Inge Øvrehus  
Austrepollen 230

5476 MAURANGER

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Anne Lise Næs	47679967	2023/206-96		03.09.2025

## Vedkjem - Tunnel poll til poll

Me viser til ditt brev til kommunen av 1.9.2025.

Du skriv at de er frustrerte over måten kommunen handsamar spørsmålet om tunnel og vegløyning for Austrepollen, og at bygda ikkje blir tatt på alvor. Dette mellom anna fordi de meiner at innbyggjarane sine ønskje og innspel blir oversett.

De har inntrykk at kommunen i samarbeid med fylket og kanskje også Statkraft, arbeider for å få tunnelen lagt ved den gamle bomstasjonen. Dette tenkjer de blir gjerne grunnlagt med at det kan gje større sjanse for å oppretthalda ferjetilbodet på Årsnes.

Vi takkar for engasjementet ditt og innspela til planarbeidet.

Det er Vestland fylkeskommune som står for planarbeidet og som etter kvart fremjar eit planforslag til behandling hos kommunen. Kvinnherad kommunestyre er planmyndigheit; dvs. at dei skal vurdere og vedta planen til slutt. Før det skal planforslaget sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn. Kommuneadministrasjonen vil sjå til at planforslaget er forsvarleg utgreidd og at viktige omsyn og interesser er vurdert.

Kvinnherad kommune v/plankontoret har tidlegare i planprosessen meldt tilbake til planarbeidet at det var viktig å utgreie veglinje J 17100. Dette ved å utvide planområdet og lage konsekvensutgreiing også for denne veglinja. Dette har i planprosessen vorte utført grundig, men som fylkeskommunen sin representant informerte om på synfaringa, så er det ikkje forventa å få gehør for dette frå vegmynda.

Fylkeskommunen har så langt forklart at det avgjerande i denne vurderinga er stoppsikt frå Folgefonntunellen. Dersom ein skulle kunne etablere påhogg ved J 17100, så måtte fylket få godkjent ein fråviksøknad frå kravet til stoppsikt på 118 meter. Avstanden her er kun på 50 meter.

Vestland fylkeskommune seier dei har fått klare tilbakemeldingar om at slik fråviksøknad ikkje kan godkjennast, og har sett seg nøydde til å gå bort frå alternativ J. Dette trass i at rasfaren ville ha vore mindre i dette området.

Dette har ikkje noko med tema om å oppretthalda ferjetilbodet på Årsnes.

Det har heller ikkje noko med at kommunen, fylket og Statkraft legg føringar for valet av trasé, eller å sikre det beste tunnelalternativet for Statkraft sin eigen plan om Mauranger 2.

Kvinnherad kommune er likevel oppteken av at dei store byggeprosjekta i Mauranger vert koordinert så godt som råd til beste for samfunnet; både lokalt i Mauranger, i Kvinnherad og for regionen.

*De spør vidare om «kvifor ikkje kommunen hentar inn relevant fagkompetanse i denne saka. Me meiner det burde vore ein uavhengig faginstans – til dømes ein ekstern entreprenør – som vurderte alternativa».*

Sjølve planarbeidet skjer som sagt ikkje i kommunen sin regi. Plankontoret er representert i ei prosjektgruppe for å ivareta kommunen og innbyggjarane sine interesser, men det er Fylkeskommunen som eig planarbeidet. Så langt vi kan sjå har fylket knytt til seg konsulent med relevant fagkompetanse i plansaka.

Når det gjeld fylling i skjergarden så er dette punktet fortsett i prosess i arbeidet med ny arealdel til kommuneplanen, men likevel ikkje avgjort på nokon måte.

Vestland fylkeskommune orienterer at dei for sin del ikkje planlegg noko fylling eller deponi i sjø i Austrepollen.

Vegprosjekt i denne skalaen har store verknadar for liv og landskap. Kvinnherad kommune vil så langt ein kan sørgje for at innbyggjarane sitt ve og vel vert vektlagt undervegs i planprosessen.

Med helsing  
KVINNHERAD KOMMUNE

Anne Lise Næs  
*Planleggjar off. planforslag*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

Kopi til:

Synnøve Handeland  
Anbjørn Høivik  
Vegard Bjørnevik  
Leif Ove Mikkelsen

Rosendalsvegen 10  
Rosendalsvegen 10  
Rosendalsvegen 10  
Rosendalsvegen 10